

Is-slottet

Tarjei Vesaas (1897-1970)

☛ Tarjei Vesaas skreiv både romanar, noveller, skodespel og dikt. Han debuterte i 1923 med romanen *Menneskebonn*. Både i denne boka og i dei neste romanane i 1920- og 1930-åra skreiv han om mennesket som er bunde til tunge eksistensielle kår.



Midtbø, Vinje i Telemark, 1940. På trappa på garden sit forfattarekteparet Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas.
Foto: NTB / Scanpix



Korleis det gjekk til at
Tarjei Vesaas vart forfattar

☛ Vesaas voks opp på ein gard i Vinje i Vest-Telemark og skulle bli bonde, men han var tidleg viss på at det var diktar han ville bli. Dette er bakgrunnen for romanen *Det store spelet* frå 1934. Boka handlar om odelsguten Per Bufast som vil bryte opp og reise vekk, men familien forventar at han følgjer tradisjonen og blir bonde på heimegarden.

☛ Vesaas levde sjølv i ein slik konflikt-situasjon i mange år. Han fann inspirasjon ved å reise, og han likte spesielt godt å oppsøkje dei store byane i Europa. Det same gjorde ho som skulle bli ektefellen hans resten av livet.

☛ I 1934 gifte han seg med lyrikaren Halldis Moren, og dei to flytte til garden Midtbø i Vinje som Tarjei hadde kjøpt av ein onkel. Farsgarden, som låg i det same landskapet ved Vinjevatnet, hadde Vesaas tidlegare late ein bror få overta.

Kimen – ein modernistisk roman

☞ I perioden 1923–1940 gav Vesaas ut tretten romanar, to novellesamlingar og to skodespel. Det aller meste er skrivne i realistisk form, men med ein del eksperimentelle innslag.

☞ Romanen *Kimen* (1940) utgjer eit vendepunkt i forfattarskapen og blir det

i store gjennombrøtet for Vesaas. Boka speglar samtidas krigsatmosfære i ei allegorisk og symbolsk form. Med *Kimen* fann Vesaas det prosaspråket som skulle bli så særmerkt for han.

☞ Det er eit knapt språk med korte, enkle setningar. Uttrykket er fortetta, ofte bruker Vesaas berre setningsfragment og enkeltstående ord. Det er ei minimalistisk form der det enkle og komprimerte er



Andre verdenskrigen: Skremde barn i frykt gøymmer seg for bomber, granatar, flyalarm, skyting. Foto: Novosti / Scanpix

ladd med meining, og det som ikkje blir sagt, men som ligg mellom orda, er ein like viktig del av teksten.

☞ Vesaas brukte konsekvent nynorsk. I dei første bøkene skreiv han landsmål etter tidas norm, og etter 1938-reforma brukte han dei nye nynorskformene. Både ordval og uttrykksform er påverka av tale-målet i Vest-Telemark.

*Det rører seg nedunder stupet. Skamslegi.
Kravlande. Den kvæve stilla etterpå. Med
vaknande røyster inni ein.*

Ta vare, seier det.

Kven er du? synest ein det seier.

*Ein rister på handa der ein sit, og seier
usant. Eg visste ikkje om det. Det har ikkje
vori hos meg før.*

*Det svarar: du veit du seier ikkje sant. Du
har stupet i panna di.*

(utdrag av Kimen)

☞ Det er sagt at *Kimen* er ein roman om villskapen og dei destruktive kreftene i menneskesinnet. Boka er ikkje ei skildring av krig, men av korleis primitiv hemn kan utløyse sterkare utslag av vald og råskap.

Tittelen *Kimen* viser til at det like fullt finst ein kime av det gode i mennesket, midt i all vondskapen.



*Ungdomstid og krig.
Intervju med Tarjei Vesaas,
mellom anna om boka Kimen*

Å dikte om seg sjølv


☞ «Eg meiner sjølv at ein står i bøkene i alle slags forkledningar,» sa Vesaas i eit intervju ein gong. Han var ein blyg person, tilbakehalden og ordknapp, og han snakka ofte om det som var «bortom det som seiest: draumen, lengten, visjonen».

*Kven talar vi med
når vi teier?*

*Vi må ha det
på vår ukjende ferd.*

(frå diktet «Lev vår draum»)

☞ Mykje av det Vesaas skreiv, handlar om mennesket i eksistensielle kriser, situasjonar der mennesket møter dei destruktive kreftene inni og utanfor seg sjølv. Jamvel om tematikken i bøkene hans kan vere alvorleg og språket ikkje alltid er like tilgjengeleg, har novellene og romanane hans nådd fram til mange unge lesarar dei siste tiåra.



*Forfattaren Tarjei Vesaas heime på garden i Vinje (1965).
Foto: Rolf Chr. Ulrichsen / Aftenposten / Scanpix*

☞ Tarjei Vesaas har fått fleire prisar for bøkene sine, mellom anna Nordisk Råds litteraturpris i 1964 for romanen *Is-slottet*. Denne boka og romanen *Fuglane* (1957) har vorte ståande som dei mest kjende verka i forfattarskapen.



*Vesaas les frå
Båten om kvelden*

Fuglane

☞ Romanen *Fuglane* (1957) handlar om raringen Mattis, som bur saman med syster si, Hege, og som ikkje er som andre. Folk i bygda kallar han Tusten. Mattis er ikkje i stand til å gjere vanleg arbeid, men han er god til å ro og vil prøve seg som ferjemann.

☞ Mattis er det vi i dag kallar psykisk utviklingshemma, men han har eit kjenslevart sinn og kan sanse mange ting som vanlege folk ikkje oppfattar. Mattis sansar og tolkar dei fleste naturfenomena. Han er redd i torevêr, men ser han for eksempel eit fugletrekk, slepper angsten taket, og dagen blir god for han.

☞ Mattis oppdagar mellom anna at det går eit rugdetrekk over huset. Dette rugdetrekket er eit under, noko gåtefullt og tiltrekkjande, synest Mattis. Han trur



at livet skal ta ei ny vending no som rugda har byrja å trekkje rett over huset der han og Hege bur. Og endringar blir det.

☞ Vesaas har sjølv sagt at romanen om Mattis også er eit sjølvportrett og eit bilete på kunstnaren, som kjenner lengten etter det useielege – etter *fuglespråket*.

☞ Fuglebiletet er brukt fleire stader i tekstane til Vesaas. Det blir gjerne brukt som metafor på draum og dikting, som i dette diktet henta frå samlinga *Liv ved straumen* (1970):

FUGLEN

*Fuglen stod ferdig
ved veggen og venta.*

*Fuglen var eit under.
Hans svære vengefang
var gløymse.
Takten i hans hjarteslag
var min.*

*Saman sigla vi
inn i ukjent.
Utan spørsmål.
Utan sorg.*

☞ Tarjei Vesaas var ein diktar som i stor grad brukte *symbolet* som verkemiddel. Symbola har både ei konkret og ei overført tyding. Vi kjem eit stykke på veg når

vi bruker fornuft og logikk for å tolke dei, men det ligg gjerne att ein rest i tillegg som ikkje lèt seg forklare.

☞ Det kan derfor vere vanskeleg å finne ei konkret og avgrensa meining i symbola som Vesaas bruker. Gjennom Mattis skildrar han ei undring over livet som skjerpar sansane mykje meir enn ei rasjonell forståing av verda. Det er denne konkrete undringa, den direkte linja mellom sansar og kjensler, som Mattis er åleine om å ha.



Øyvind Brantzæg spelar Mattis i teaterversjonen av Tarjei Vesaas' *Fuglane* på Trøndelag Teater.
Foto: Thor Nielsen / VG / Scanpix

Is-slottet



Foto: Sverre A. Børretzen / Aktuell / Scanpix

☞ Romanen *Is-slottet* kom i 1963. Her finn vi på mange måtar ei vidareføring av den eksperimenterande skrivestilen som hadde gjort Vesaas til ein stor forfattar.

☞ Boka handlar om to jenter i pubertetsalderen som utviklar ein nær vennskap. Dei mister vennskapen på ein brutal måte, og den eine må kjempe for å kome over

tapet og leve vidare. *Is-slottet* er ei utforsking av pubertetens psykologi, og det er ei forteljing om at mennesket er grunnleggjande einsamt, trass i lengten etter å overvinne kjensla av å stå åleine.

☞ Som i romanen *Fuglane* møter vi også her ein omfattande symbolikk: Den eine jenta går inn i ein labyrint av is og døyr. Den andre bergar seg så vidt etter å ha frigjort seg frå sin eigen dødsangst.

☞ Boka kan tolkast som ei skildring av destruktive krefter i eit ungt menneskesinn, men ho kan òg lesast som ei forteljing om det einsame mennesket i eit vennskapsforhold. Eit anna viktig emne er korleis unge menneske leitar etter sin eigen identitet. Her er eit utdrag av boka:

Dei heldt spegelen i kvar sin kant, heldt han opp for seg, sat heilt stille side ved side, om trent kinn ved kinn.

Kva såg dei?

Dei såg seg bort før dei hadde aning om det. Fire auge med glimt og strålar under vippene. Heile spegelglaset fullt. Spørsmål som skyt fram og gøymer seg att. Eg veit ikkje: Glimt og strålar, glimt frå meg til deg, og frå meg til deg åleine – inn i glaset og tilbake, og aldri svar på kva dette er, aldri noka løysing.

☞ Som i mange andre tekstar av Vesaas går livet og døden hand i hand. Boka gjorde inntrykk på mange lesarar, og særleg unge jenter sat att med ei kjensle av identifisering etter å ha lese Is-slottet. Her er eit lite utdrag av eit brev der forfattaren svarar ei jente som har stilt han spørsmål om boka:

«Den dype meningen» med Is-slottet er for skøyr liksom til at eg kan leggje ut om det, eg berre øydelegg det. Du som er jente forstår kanskje betre enn eg jamvel. Synest ei bok skal vera hemmeleg når ho er god.



Opningsscena i filmen «Is-slottet»



Ane Dahl Torp og Lena Kristin Ellingsen hadde hovudrollene i dramatiseringa av Tarjei Vesaas' Is-slottet på Det Norske Teatret. Foto: Aftenposten / Scanpix

Vesaas som lyrikar

☞ Vesaas gav ut seks diktsamlingar, som alle er modernistiske i form og uttrykk. Gjennomgangstemaet i dikta hans er angst, vondskap og destruktive krefter. Symbolbruken er rik, og språket er knapt og fortetta, akkurat som i prosadiktinga.



Haldis Moren Vesaas fortel om mannen sin

☞ Diktet «Regn i Hiroshima» er frå samlinga *Leiken og lynet* (1947). Diktet handlar om atombomba som vart sleppt over Hiroshima 6. august 1945. 150 000 menneske vart råka, og mest heile byen Hiroshima låg i ruinar etterpå.

☞ Diktforma var utradisjonell i 1947. I første delen av diktet er setningane stykkja opp og spreidde over fleire korte linjer, som for å understreke korleis menneska vart sprengde i filler under dette bombeåttaket.

☞ «Regn i Hiroshima» kan stå som illustrasjon på det dei modernistiske diktarane hevda: Når verda er kaotisk, må også språket og diktforma spegle av dette. Da held det ikkje med tradisjonelle strofeformer med rim og fast rytme.

☞ Hendinga som Vesaas prøver å seie noko om, er så uhøyrd og så utanfor all fatteevne at ingen ord strekk til. Derfor

må diktaren appellere til kjenslene våre
meir enn til forstanden, og det er nesten
heilt nødvendig at orda kan tolkast på
nokså ulik måte.



Atombomba over Hiroshima 6. august 1945. Foto: Scanpix

REGN I HIROSHIMA

*I det ho lyfte handa
for å ta tekanna
kom eit blindande ljøs –
var ikkje meir
alt var borte
dei var borte
omlaga til damp og sky,
gåtefullt, oppstigande og stumt.*



*Rop var ikkje rop i dette.
Men jorda slo høgt og vilt
ein knyttneve mot himmelen
ved mishandling,
– ved det attlevande veit
verda rundt
men ikkje orkar fatte:
Hiroshima –*

*Stigande milevide slør,
dei var i det,
gått attende til ei urform.
Ein skjerm av damp
over ei pint jord.
Vera eit grann av dette.*

*Vera i det bortdragande –
Men ikkje lenge.
Det drog snart meir frå kaos.
Sløret vart dropar tett i tett,
i dropens evige skapnad
utan byrjing eller slutt.*

*Dei fall,
svalande, utalde,
i tungt regn nedover –*

«Bakkane heime»

☞ Enda om Vesaas som lyrikar høyrer heime i den modernistiske tradisjonen, kan han også fortelje om heilt enkle, kvardagslege opplevingar, som i dette diktet:



Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas
om det å vere forfattarar i Vinje



BAKKANE HEIME

Helsar på blomane,
helsar på steinane,
helsar på bakkane.
Helsar på gamle folk
med eit stridt liv
prenta i andletet.

Dei seier:
Godt du kom heim.
Vi har tenkt på deg.

Ein står forvirra og
høyrer dette.
Andletet framfor
er som ein vennleg hoggestabbe.

Endeleg kjenner ein
ein er heime for godt.

